

Finansdepartementet  
E-post: :postmottak@fin.dep.no

Vår ref:  
2012/10294083/2012/

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
SVLA / 99359877  
svein.rune.laingen@lom.kommune.no

Dato  
26.06.2012

## Høyringsnotat frå Finansdepartementet: forslag til fritak for eigedomsskatt på einsskilde utmarksområde og

### bruk av formuesgrunnlag ved utskriving av eigedomsskatt på bustader.

#### Saksprotokoll i Formannskap - 26.06.2012

##### Vedtak

Lom kommune ved formannskapet gjev følgjande uttale til høyringsnotatet:

Lom kommune sluttar seg til uttalene som er gjeve frå Landssamanslutninga for vasskraftkommunar og Kommunenes Sentralforbund i saka.

Lom kommune vil særleg peike på følgjande punkt:

- Lom kommune er samd i at det bør innførast heimel for fritak for eigedomsskatt i nasjonalparkar og naturreservat. For slike område meiner kommunen at det må ligge til kompetansen til kommunestyret å vedta slik fritak. Fritaket bør vera frivillig og takast inn i eiendomsskatteloven (esktl.) § 7.
- Lom kommune er samd i at det bør innførast heimel for fritak av eigedomsskatt i område med friviljug skogvern og at dette fritaket blir gjort obligatorisk på same måte som for skog som blir drive aktivt, jf. esktl. § 5 h.
- Forslaget om fritak bør også omfatte øvrige verneområde, m.a. område underlagt landskapsvern og biotopvern. For slike eigedomar bør kommunen kunne vedta frivillig fritak etter esktl. § 7.
- Forslag om obligatorisk fritak for statlege lågproduktiv grunneigedom bør og vera friviljug, slik at det er kommunestyret som gjer vedtak om fritak. Fritak bør heimlast i esktl. § 7.
- Tilsvarande bør det innførast friviljug fritak frå eigedomsskatt for lågproduktiv grunneigedom i privat eige.

Postadresse  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
E-post: post@lom.kommune.no

Besøksadresse  
Midtgard  
www.lom.kommune.no

Telefon  
61217300

Bank  
2085.07.00010  
Org.nr  
959377677



[Skriv inn tekst]

Bruk av formuesgrunnlag ved utskriving av eideomsskatt på bustader:

- Lom kommune ser positivt på at det blir etablert alternativ for taksering av bustadeigedomar.
- Den enkelte kommune må fritt kunne velje om ein skal nytte etablert praksis i taksering av bustadeigedomar eller om ein skal nytte formueverdiar.

Samrøystes.

Med helsing

  
Svein Rune Laingen  
Konsulent